



NATURVERNFORBUNDET HORDALAND  
Jakobsfjorden 4. etg. Bryggen 23  
5003 BERGEN

Dato: 26.02.2016  
Vår ref.: 2015/11975-48  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

Att. Nils Tore Skogland

## Søknad om støtte til miljøorganisasjonar

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til miljøorganisasjonar datert 15.2.2016. De søkte om kr. 150.000,-. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 100.000,- til Naturvernforbundet Hordaland frå budsjettet tilskot til miljøorganisasjonar 2016.

Beløpet blir overført til kontonummer: **9013 05 39377**

### 1. ORGANISERING:

**Ansvarleg:** Nils Tore Skogland

### 2. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Rapportering

Tilsegnsmottakar **skal** sende rapport til Hordaland fylkeskommune innan 15. februar 2017.

### Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

### Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

### 3. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Karen Louise Nybø, som de kan kontakte på tlf. 55 23 93 18 eller e-post: [Karen.Louise.Nybo@hfk.no](mailto:Karen.Louise.Nybo@hfk.no).

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sundbø  
Klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Akseptskjema
- 2 Rekneskapsskjema